

Dokumentoversyn:

Tal prenta vedlegg: 3

Tal uprenta vedlegg: 1

RIVEDAL KRAFTVERK, SØKNAD OM KONSESJON

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune har ikkje merknader til søknaden og rår til at det vert gitt konsesjon for utbygging av Rivedal kraftverk i Rivedalselva, Askvoll kommune.
2. Det vert elles vist til brev av 14.08.02 frå fylkeskommunen si kulturavdeling om kulturminne i det omsøkte området.

Prenta vedlegg:

1. Brev frå NVE dgs. 10.07.2
2. Kart over nedbørssfeltet og røytraseen.
3. Brev frå kulturavdelinga til NVE, 14.08.02

Uprenta vedlegg:

1. Konsesjonssøknad, mars 2002

Saksframstilling

1. SAMANDRAG

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) har oversendt søknad frå Rivedal Kraftverk AS om løyve til å byggje eit kraftverk i Rivedalselva i Askvoll kommune. Det planlagte kraftverket vil nytte ei fallhøgde på 200 meter og berekna årleg middelpunktproduksjon er på 15,6 GWh. Søknaden gjeld også løyve til nødvendige elektriske installasjoner.

Det er venta berre små ulemper knytt til tiltaket og dessutan er utbyggingsprisen pr. kWh rimeleg i følge sokjaren sitt overslag. Fordelane ved tiltaket vert vurdert til å vere større enn ulempene og utgreiinga konkluderer med å rá til utbygging.

Dersom konsesjon vert gitt, må det gjennomførast arkeologiske registreringar ved inntaksbassenget, langs røyrgate/ny anleggsveg og ved kraftstasjonen. I denne samanhengen må det utførast ei synfaring med tanke på kulturminne frå nyare tid.

2. VIKTIGE LOVER/REGLAR/PLANDOKUMENT

Lover/reglar/føresegner

- Lov om vassdragene 15. mars 1940 nr. 3
- Forureiningslova av 13. mars 1981 nr. 6
- Energilova av 29. juni 1990, nr. 50

Plandokument

- Samla Plan for vassdrag
- Fylkesdelplan for arealbruk, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Utbyggingsplanen er handsama i høve til Samla Plan for vassdrag, jf. 340 01/083.4 Rivedalsvassdraget, Vassdragsrapport nr. 35 i 2001. Prosjektet har fått klassifisering under kategori I i Samla Plan og kan difor konsesjonssøkjast.

I fylkesdelplan for arealbruk er det gitt følgjande retningsline om vasskraftutbygging:

"For vassdrag som i Samla Plan for vassdrag er plasserte i kategoriene I og II skal det normalt ikke planleggjast eller utførast tiltak som vil kome i strid med ei eventuell framtidig kraftutbygging. Eventuelle tiltak i strid med framtidig kraftutbygging skal avklarast gjennom planar på fylkesnivå i regi av fylkeskommunen/fylkesmannen.

Planområdet har status som landbruks-, natur- og friluftsområde i kommuneplanen og har regional geografisk verdi for friluftsliv i følge fylkesdelplanen for arealbruk.

3. FAKTA/SAKSTILFANG

Sakstilfang

- Konsesjonssøknad, mars 2002.

Rivedalsvassdraget ligg i fjellområdet mellom Førdefjorden og Dalsfjorden i Askvoll kommune. Rivedalselva renn ut i Dalsfjorden. Omlag 20 husstandar har vassdraget som vasskjelde. Elles er det ingen inngrep og restriksjonar i vassdraget frå før.

Kraftverket er planlagt som eit reint elvekraftverk utan reguleringsmagasin med inntak direkte i elva på kote 235. Frå inntaket skal driftsvatnet leiast gjennom eit 1300 meter langt røyr på vestsida av elva. Røyret skal nedgravast og det skal planerast veg langs røyrtraseen opp til inntaket. Kraftstasjonen skal plasserast vest for elva på kote 25 der elva flatar ut. Aggregatet som skal installerast i stasjonen, vil ha ein effekt på 3,4 MW. Det er venta ein årsproduksjon på 15,6 GWh. Samla kostnader til prosjekt er berekna til 19,0 millionar kroner. Utbyggingsprisen kan dermed bereknast til 1,20 kr/kWh. Med andre ord er det tale om eit rimeleg prosjekt.

Ei 24 kV kraftlinje går forbi like nedanfor den planlagte stasjonen. Mellom linja og kraftstasjonen skal det byggast 350 meter ny linje for å få krafta ut på nettet.

Bak søknaden står 20 grunneigarar til vassdraget. Dei vil danne selskapet Rivedal Kraft AS som skal bygge og drive kraftverket. NVE skal utarbeide innstilling i saka og har sendt dokumenta på høyring med frist 2. september 2002. Administrasjonen har varsle NVE om at den politiske handsaminga i fylkeskommunen vil skje etter at fristen er ute.

4. VURDERING OG KONSEKVENSAR

Dei positive sidene ved prosjekt er først og fremst forventningane om gode økonomiske resultat. Prosjektet vil også vere med på å gje sikrare og betre vassforsyning til bygda. Den nye vegen opp langs elva kan gjere aktivitetar knytt til landbruk og jakt enklare.

Ulempene er m.a. knytt til redusert vassføring i elva. Desse ulempene vert vurdert til å vere små m.a. på grunn av at elva på store deler av strekninga er skjult av tett vegetasjon. Konsekvensane for fisk på den fiskeførande strekninga ovanfor og nedanfor kraftverket vert vurdert til å vere små. Ved utløpet frå kraftstasjonen vil elva på vinterstid gå open i ein lengre periode enn i elva elles. Det er ikkje venta lokale klimatiske endringar på grunn av utbygginga.

Friluftsliv

Området Fossdalen – Blegra – Helleberget er i fylkesdelen plan for arealbruk vist som eit regionalt friluftsområde, og er eit turområde både sommar og vinter. Det vert vist i søknaden til at ny veg vil letta tilkomst og utøving av tradisjonelt friluftsliv. Vi vil her understreka at byggjing av veg inn i eit

friluftsområde er ikkje å sjå på som eit ”friluftslivstiltak”, tilretteleggjing for friluftslivet i eit slikt område ville i så fall vera tursti/turveg.

Kulturminne

Fylkeskommunen si kulturavdeling har sendt eigen uttale til NVE der dei opplyser, at dei i dag ikkje har kjennskap til automatisk freda kulturminne i det omsøkte området. På Rivedal gbnr. 16/6,7,12 og Hyllset gbnr. 19/2 er det tidlegare registrert automatisk freda kulturminne i form av bautastein og gravhaugar. Det kan såleis ikkje utelukkast at det og er automatisk freda kulturminne i planområdet. Det vil vere behov for arkeologiske registreringar ved inntaksbassenget, langs røyrgata/anleggsvegen og ved kraftstasjonen. Kulturavdelinga vil komme tilbake til registreringa, dersom NVE gir løyve til utbygginga. Ei eventuell utbygging må ikkje starte før dei arkeologiske registreringane er utført.

Kulturavdelinga er ikkje kjend med at det finst kulturminne frå nyare tid som vil komme i konflikt med utbyggingsplanen for kraftverk. I samband med registrering av automatisk freda kulturminne må det utførast ei synfaring med tanke på kulturminne frå nyare tid.

5. KONKLUSJON/TILRÅDING

Det er venta berre små ulemper knytt til tiltaket og dessutan er utbyggingsprisen pr. kWh rimeleg i følgje søkjaren sitt overslag. Fordelane ved tiltaket vert vurdert til å vere større enn ulempene. Sogn og Fjordane fylkeskommune bør difor støtte søknaden, jf. tilrådinga til vedtak.